

# Sett fra yttersida

RUNDT OM I Norge bor mange med nære bånd til Rauma. Felles for dem alle er at de ikke har glemt hvor de kommer fra. Her får du møte noen av dem. Alle har registrert en profil på nettstedet [ytterveggen.no](http://ytterveggen.no).

1. Arnt Olav Hønsvik (29) – Oslo ----
2. Kjetil Svanemyr (51) – Folldal ----
3. Eilin Bjørhovde (42) – Askim
4. Ingunn Helle (26) - Bergen
5. Odd-Erik Lindvik (27) – Fjerdingby
6. Ida Kallmyr Lerheim (21) – Trondheim
7. Emma Lybergsvik (27) – Sulithjelma
8. Vegard Stensland (27) – Kristiansand
9. Line Thorsen Wadsten (36) – Jessheim
10. Julie Berild Jacobsen (24) – Kamerun, Vest-Afrika
11. Tine Malones Haugan (26) – Stavanger
12. Anna Tokle (25) - Tromsø.
13. Tor André Moritsgard - Oslo
14. Hans Tangen, Stavanger

## Dotter av verda

Ingrid Harvold Kvangraven kjem frå Harvold i Rødven, og traska store delar av barneåra sine i grendaskulane på Nordsida. Men allereie då hadde ho fleire periodar i utlandet, og verda bestod i langt meir for den lille jenta enn det som fantes innanfor dei trygge grensene i bygda. I ettertid har perspektivet berre vakse. Ein samtale med Ingrid gir omgrepet «verda er lita» ei heilt ny mening.

**OPP GJENNOM** skuletida budde Ingrid fleire periodar i fjerne strok gjennom faren sitt arbeid i Redd Barna. Mosambik, Botswana og etter kvart Kambodsja har vore heimen hennar. Engelsk var eit like naturleg språk som norsk. Ein skuledag under solvarmen i Maputo var like mykje kvardag som leverpostei og sørpeføre i Rødven. Skulejenta Ingrid gjorde seg nok ikkje dei store refleksjonane om at oppveksten ville forme ho i framtida. Dei vala ho har gjort i dei seinare åra, syner derimot at ho har eit tilhøve til og kjensle for den internasjonale verda som går langt ut over referanseramene til «vanlege folk».

**ETTER VIDAREGÅANDE** - som ho gjorde unna på to år gjennom International Baccalaureate ved Lillestrøm vgs. - sette Ingrid for første gong kursen ut i verda på eige initiativ.

– Eg reiste til Vietnam for å ta eit semester med utviklingsstudium gjennom Høgskulen i Oslo. Mellom anna ville eg sjå om utvikling verkeleg var det eg ville studere, fortel Ingrid.

**DET BLEI** suksess. Ingrid budde i ein roleg strandlandsby, kjøpte sykkel og stortreivst med byen og menneska ho møtte. Men viktigast blei det faglege utbyttet. I Vietnam fekk Ingrid nemleg sitt første høve til å forske på bakken. – Vi arbeidde saman i grupper med eit utviklingsrelatert tema. Grappa mi arbeidde med mikrofinans, noko det er eit hav av forsøk på i Vietnam. Eg blei inspirert av å sjå at det var svært vanskeleg å påvise at mikrofinans faktisk kan bidra til å hjelpe dei fattigaste. Det blei så viktig for meg, at eg endte opp med å følgje opp dette temaet i bacheloroppgåva eg seinare skreiv på Blindern, fortel ho.

**TILBAKE** i Norge kasta ho seg i gang med ein bachelorgrad ved Universitetet i Oslo. Men først blei semesteret i Vietnam følgt opp med eit opphald i Paris. – Halvåret i Paris var eit forsøk på å lære seg fransk. Det var ein flott vår, men språkleg sett var det ikkje så vellukka, ler Ingrid.



Ingrid Harvold Kvangraven har budd og studert i mellom anna Vietnam, Kamerun, Paris og USA.

– Eg fekk eit fundament, og det kom godt med seinare då eg hadde eit opphald i Kamerun, fortel ho.

Kamerun kjem seinare: først var det bacheloren i utviklingsstudium som skulle fullførast. I denne perioden held Ingrid seg i Oslo. Nesten heile tida.

– Eg hadde eit utvekslingsopphald på Berkeley. Det var heilt herleg! Berkeley er eit av USA sine eliteuniversitet, og er kjend for gode studiefasilitetar.

**SÆRLEG BIBLIOTEKET** fanga Ingrid sin fascinasjon.

– Biblioteket til Berkeley er eit av dei største og mest innhaldsrike i USA. Det var ein draum å leite etter stoff til oppgåva der, og rett og slett ein fryd å få lov til å lese i dei gamle majestetiske lokala, fortel ho med glød i blikket.

Men det var to heilt andre ting som skulle gjere at halvåret i USA særleg minneverdig. Ingrid utveksla hausten 2008 - det vil seie den hausten då finanskrisa braut ut, og Obama blei valt til president i USA.

– Professoren min i «sociology of development» var svært oppteken av finanskrisa, og lot den prege heile undervisninga. Berkeley er dessuten en «hippiehub», og gatefesten som braut ut då Obama vann presidentvalet var eksplosiv og ekstatisk, fortel Ingrid.

**HEILE STUDIETIDA** har Ingrid arbeidd frivillig for organisasjonen Slett Ulandsgjelda (SLUG) i Norge. I vår tok ho masteren sin i utviklingsstudium på LSE (London School of Economics and Political Science, red. anm), og då ho kom tilbake til Oslo gjekk ho inn i eit vikariat i organisasjonen.

Når Åndalsnes Avis snakkar med Ingrid, er ho akkurat tilbake frå eit forskingsopphald i Zambia. Det skal ho fortelje meir om, men innimellom Berkeley og London har vi gløymd eit land.



Ingrid Harvold Kvangraven arbeider i dag i organisasjonen Slett Ulandsgjelda.

– **KAMERUN!** Etter avslutta bachelor reiste eg eit semester til Kamerun for å jobbe med HIV/AIDS-problematikk. Det var nokre vanvittige lærerike månader, ivrar Ingrid.

– Den første tida var prega av mykje frustrasjon og mistydingar. Det var ikkje før etter tre månader at eg kjende meg verkeleg heime i Yaoundé, fortel Ingrid. Då var ho til gjengjeld heilt frelst.

**NO ER INGRID** som nemnt akkurat kome heim frå eit opphald i Zambia. Landet fekk sletta nærare 5 milliardar dollar i u-landsgjeld i 2005, og gjennom SLUG reiste Ingrid ned for å finne ut korleis dette har verka inn på helsetilbodet i landet.

– I følgje statistikken frigjorde gjeldslettinga midlar som gjekk til sosial sektor. Særleg ville vi sjå korleis det hadde kome kvinnene til gode. Vi fann naturleg nok eit blanda resultat for kvinner «på bakken», fortel ho.

**UTFERDSTRONGEN**, språkkunnskapane og engasjementet for den internasjonale verda gjer at eg lurar på kva tilhøve Ingrid har til eit omgrep som «heim».

– Når nokon spør kvar eg er frå, nøler eg aldri med å svare Rødven. Det er jo der